



## ÅRSMØTE 15. JUNI 2020

Klenkarberget kl 20

!OBS! Det vert også høve til å delta **digitalt** på årsmøtet gjennom Microsoft Teams.

### **Sakliste**

1. Opning av møtet
2. Setting av møtet
3. Årsmeldingar
4. Rekneskap
5. Budsjett
6. Medlemskontingent
7. Innkomne saker
  - a. Støtte til gymsal ved Haugen skule og barnehage
8. Val etter lovene

## **Sak 1 Opning av møtet**

Leiar helsar velkomen

## **Sak 2. Setting av møtet**

- a. Godkjenning av innkalling og sakliste
- b. Godkjenning av dei røysteføre
- c. Val av
  - i. Møteleiar
  - ii. Skrivar
  - iii. To til å skrive under møteboka

## **Sak 3. Årsmeldingar**

Viser til årsmeldingane lenger bak i dette dokumentet.

## **Sak 4 Rekneskap**

Viser til rekneskapet

Tilråding frå hovudstyret

*Det framlagde rekneskapet vert godkjent og underskotet blir dekket av eigenkapitalen.*

## **Sak 5. Budsjett**

Viser til budsjetta

## **Sak 6. Medlemskontingent**

Noværande satsar

For aktive/tillitsvalde over 18 år:	kr 250,-
For aktive/tillitsvalde under 18 år:	kr 100,-
For familie:	kr 450,-
For støttemedlem:	kr 200,-

Tilråding frå hovudstyret

*Inga endring av medlemskontingenten.*

## **Sak 7 Innkomne saker**

Støtte til gymsal ved Haugen skule og barnehage

# HAUGEN IDRETTSLAG

Skipa 1895 – 6770 NORDFJORDEID

Postboks 137  
6771 Nordfjordeid

<http://haugenil.no>  
[post@haugenil.no](mailto:post@haugenil.no)

## **Sak 8. Val etter lovene**

Viser til innstilling frå valnemda supplert av hovudstyret

Valnemda har vore samansett slik

Magni Strømmen  
Ove Mikal Haveland  
Torild S. Løviknes

## Årsmelding for Hovudstyret 2019

---

Styret har hatt denne samansetninga i perioden

Leiar	Arild Lillebø Opsal
Nestleiar	Asgeir Bakke
Kasserar	Anna Myklebust
Styremedlem	Øystein Torheim
Styremedlem	Hans Inge Lien Vereide
Vara og medlemsansvarlig	Steven Johnsen

Haugen IL har hatt desse undergruppene

- Alpin
- Fotball
- Friidrett
- Handball
- Langrenn
- Sommarcamp

### Møter

Hovudstyret hadde 6 møter i 2019 der nokre omfatta gruppeleiarane.

### Representasjon

Laget var representert på det ekstraordinære og siste tinget til Sogn og Fjordane idrettskrins Myrkdalen 8. november 2019 samt på 100 års jubileumet til idrettskrinsen på Skei.

Haugen IL er partseigar i Harpefossen Skisenter AS og Eid Idrettspark.

### Klubbhuset

Bridgeklubben har vore fast leigetakar med ein kveld i veka med unnatak om sommaren då klubbhuset er base for Sommarcampen. Elles har klubbhuset vore utleigd til sosiale og faglege arrangement.

Arbeidet med å kartlegge omfanget av rehabilitering er i gang.

### Harpefossen skisenter

Det blir lagt ned mykje arbeid på skisenteret både av dei frivillige og tilsette. For sjette sesongen på rad har dei to idrettslaga og medeigarane, Stårheim IL og Haugen IL, stilt med frivillige på kafeane. Nytt for sesongen er at våre kafevakter blir godgjort i form av heiskort.

Laget hadde 440 registrerte medlemmar pr 31.12.2019

### Samanslåing av idrettskrinsar og idrettsråd

# HAUGEN IDRETTSLAG

Skipa 1895 – 6770 NORDFJORDEID

Postboks 137  
6771 Nordfjordeid

<http://haugenil.no>  
[post@haugenil.no](mailto:post@haugenil.no)

Sogn og Fjordane idrettskrins og Hordaland idrettskrets blei slegne saman til Vestland idrettskrets i Myrkdalen 9. november 2019.

Eid idrettsråd og Selje idrettsråd blei slegne saman til Stad idrettsråd på Bryggja 28. januar 2020.

## **Resultat**

Laget hadde i 2019 eit underskot på kr 15 848,73, i hovudsak grunna tilskot til rulleskibana på kr 200.000,-

Vi takkar alle frivillige for den store innsatsen i 2019 og vonar på eit framleis godt samarbeid.

## **125 års jubileum**

Laget har 125 års jubileum i 2020.

Haugen 14.03.2020

Arild Lillebø Opsal

Asgeir Bakke

Anna Myklebust

Øystein Torheim

Hans Inge Lien Vereide

Steven Johnsen

## ÅRSMELDING 2019 ALPINGRUPPA

Styret i alpingruppa har vore samansett slik :

Anders Engeland	-	Leiar
Mari Janne Henden	-	Styremedlem
Øystein Lødøen	-	Styremedlem
Geir Ove Åsebø	-	Styremedlem
Peder Felde	-	Styremedlem

Møteaktivitetar :

Alpingruppa har i 2019 ikkje hatt fysiske styremøter. Styret og gruppa ellers er samla ofte, både gjennom vinter- og sommarsesongen (dugnadar og treningar). Der drøfter og løyser vi dei fleste utfordringane vi har.

Leiar deltek på møter med dei andre gruppeleiarane i lag med hovudstyret . Leiar har og møtt på både vår og haustmøtet til skikrinsen.

Aktivitetar på ski :

Haugen IL arrangerte denne sesongen kun eit renn for Sogn og Fjordane skikrins; 24. februar 2019, storslalom.

Sesongen 2018/2019 har vi søkt og fått tildelt renn i Telenorkarusellen; totalt 4 renn. Renn 1 av 4 vart avhelde 16. desember 2018, og det siste palmesøndag 2019. Då såg slik ut på Harpefossen, takka vere kunstsno :



Totalt var det 120 deltakarar på desse renna. Dette er renn for alle i alderen 0 – 12 år, og der Telenor står for premieringa for dei som har delteke på to renn. I dei andre renna er det alpingruppa som står for premiering. Dette ser vi på som eit godt rekrutteringstiltak.

Også i 2019 hadde vi barneidrettsskulen til Eid Il på besøk 3 kveldar i februar. Dette er også eit forsøk på å rekruttere fleire til å bli aktive alpinistar.

Dessverre så ser vi svært få av barna, og foreldra igjen i skisenteret og på treningane vår, men vi gjev ikkje opp.

Tradisjonen tru dei siste åra er at vi har satsa på å halde gratis «damekurs», for å få fleire «damer» og då spesielt mødre på ski, slik at dei kan vere i lag med sine «håpefulle» i løypa. Vi hadde 1 slik gratiskveld ; 25. januar, med 20 deltakarar.

I dei seinar åra har vi hatt påskefest med renn, og det hadde vi også i år. Det vart halde på Furehogane med marsipankake, kaffi og brus til aktive i alle aldrar, og foreldre. Skisesongen 2019 vart avslutta med fellestur til Hemsedal der våre aktive deltok på «Donald Duck Wintergames».

Alpingruppa prøver gjennom dei tiltaka som er nemnt ovanfor, å rekruttere fleire til å komme og trene og bli aktive alpinistar. Dette er ikkje enkelt og har gjett lite resultat.

Ved utgangen av 2019 har vi 7 aktive løparar frå 10 til 23 år.

Dei eldste av løparane våre deltek på FIS-renn både nasjonalt og internasjonalt, på det norske Europacuplaget, og no også på World Cup.

Det er Andrine Mårstøl som har komt så langt at ho har vist seg verdig til å representere Haugen IL og Norge både i Europacupen og i World Cup.

Åge Solheim er fortsatt i USA, der han studerar og satsar vidare på alpinkarriera si. Som bevis på at han er eit talent som det er verdt å satse på, mottok han Sparebanken Vest sitt stipend for utøvarar som viser potensiale til å nå langt. Stipendet var på kr. 50.000,-.

Til tross for at vi no har så få aktive utøvarar, så er de lenge sidan vi har hatt så gode prestasjonar heilt i frå dei aldersbestemte klassene og opp til seniornivå.

Andre aktivitetar :

Dugnad for Malakoff er den største inntektskilda til drift av alpingruppa. Utan den hadde vi ikkje kunne drive på den måte vi gjer, utan treningsavgift og at klubben betalar alle startkontingentar.

Som alle tidlegare år utfører vi med ein heil del dugnad for skisenteret. Dette gjer til at dei aller fleste medlemmane i alpingruppa får gratis familiekort, og at vi får eit så godt produkt å trene i som mogleg.

Vi vil også i år takke skisenteret for det gode samarbeidet, og at vi får trene når tid vi vil i anlegget.

04.03.2020

For Alpingruppa  
Anders Engeland  
Leiar

## Årsmelding frå fotballgruppa for 2019

2019 har eg ikkje mykje å melde frå iom. at eg ikkje hadde ledervervet og såleis ikkje oversikt over aktiviteten.

Vi hadde treninger for unger frå førskulen til og med 4. klasse i Vår og haust semester. Dei var med på ei turnering på Eid. To stk var også med Stårheim på Kongleriket-cup i Selje.

A-laget spelte i 6. divisjon

Ove Mikal Haveland



## ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA 2019.

Styret har vore samansett slik:

Leiar Asgeir Bakke

Styremedlem:

Dag Rune Eimhjellen

Kari-Ann H.Horne

Anne-Karin Løken Nesstun

Friidrettsgruppa har hatt ei trening i veka, frå mai og utover hausten. Vi tar oss ei pause om sommaren. Treningane har vore på tysdagar. Det har vore jamnt oppmøte på treningane, mellom 20 og 40 ungar. Flest på den yngste gruppa. Har hatt med deltakarar på Ørstaleikane og Heialeikane, elles dårleg deltaking på friidrettsstemner.

Vi har hatt 2 gruppemøter pluss telefonkontakt.

Arrangement vi har hatt:

25 April – terrengløp med ca 50 deltakarar.

Nestleleikar med 27 deltakarar, og med leiarane Linn Kathrin og Aina Sofie Bakke, og medhjelpar Peder Naustdal.

Over Brekka 25 august, med 61 deltakarar, 17 av dei i konkurranseklassa.

Lagsmesterskap vart ikkje arrangert i år.

Har og hatt 3 økter med Eid Idrettsskule, og nokre økter med Sommarcampen.

Fjelltrimmen går sin vante gang, med premiering til dei to klassene under tjue år. Fortsatt er det Kamben og Kjenndalen som er mest besøkt.

Resultat er kunngjort på Facebooksida til Haugen il.

Hjelmeland 3.3.20

Asgeir Bakke, leiar.



## **Haugen IL Handball - Årsmelding 2018/19**

### **Handballgruppa :**

Hilde Nord Haugland – leiar  
Ann Elin Leftwich  
Magni Norddal Strømmen  
Arild Åshammar  
Tone Smørdal  
Margareth Denton

### **Møter/klubbdrift**

Handballgruppa har også denne sesongen hatt regelmessige møter heile sesongen. Vi deltek kvar sesong på faste møteplassar som møtestad Nordfjord, sonemøter, på klubleiarmøte og på Region Vest sitt regionsting.

Vi har fast rutine i klubben på å ha eit til to årlege møter med trenarar og oppmenn. Vi har og som tidlegare målsetjing å ha spelar-og foreldremøter for alle laga ved sesongoppstart. Vi har etablert eit svært godt samarbeid med Eid IL Handball og Stårheim Handball, og har gjennom mange sesongar hatt fleire samarbeidslag på gutesida. Vi har vidareført eit godt samarbeid om minihandballtilbodet med begge klubbar. Klubben fekk på Regionsmøte på slutten av sesongen tildelt Norges handballforbund sin innsatspris for 2017 og fekk der tildelt prosjektmidlar som vi bestemte oss for å bruke på spelarutvikling og dommarutvikling i handballmiljøet.

### **Arrangement/ aktivitetar i klubben**

Sesongen 18/19 hadde handballgruppa 6 kamparrangement i Eid Idrettshus.

Vi hadde store arrangement for 10-og 11-åringane og vi arrangerte som vanleg miniturneringa for gutar og mixlag i Eid Idrettshus som siste turnering for sesongen.

Hausten 2017 blei det ikkje arrangert handballskule då Gjensidige trekte seg som sponsor, men hausten 2018 var vi på nytt arrangør av handballskule i haustferien, no med REMA 1000 som sponsor av utstyrspakke. For første gong arrangerte vi handballskulen i Eidahallen og den blei nok ein gong fullteikna og veldig godt mottatt. Vi er heldige og har velvillige ungdommar og vaksne som stiller på og er med og gir borna ei flott oppleving med høg trivsel. Denne gongen var vi heldige og hadde fint haustvær slik at vi og kunne arrangere aktivitetar ute på skuleplassen og i ballbingen.

**Haugen IL Handball** hadde til sesongen 18/19 påmeldt 4 lag i regionsserien, eit G10-lag, eit G11-lag, eit J13-lag og eit G13-lag.

### **Haugen J13**

Trenar for J13 var denne sesongen Ann Elin Leftwich, med Norunn Remme og Hildegunn Berteig som oppmenn. Jentene hadde ein god sesong og blei nr 3 i serien. Dei deltok og både på Førde Cup for sesongstart og på Trondheim Cup som sesongavslutning. På begge cupar gjekk dei vidare til kvartfinalen i A-sluttspellet.

### **Haugen/Eid G10**

Ein god gjeng med gutar, ca 11 stk, som har hatt trening ein gong per veke med Foos M. Abdi og Chysanthi Prekas som trenarar. Laget spelte 6-arhandball i aktivitetsserie og hadde fin framgang gjennom sesongen.

## **Haugen/Eid G11**

Ca 10 gutar som har hatt Janne Kroken Karlsen som trenar, assistert av Helge Haugland som oppmann og hjelpetrenar. Også G11 spelte 6-arhandball i aktivitetsserie med faste spelrundar. Dei avslutta sesongen med å delta på NK-cup for første gong, ei kjekk oppleving for alle som var med.

## **Haugen/Eid G13**

14-15 gutar frå heile kommunen med Line og Kristina Balsnes som trenarar. Ein ivrig og treningsvillig gjeng. Inger Janne Nybø, Karoline Nes og Mats Andersson delte oppmannsjobben. Desse gutane hadde ein kjempeflott sesong der dei vart fylkesmeister i G13-klasse. Dei deltok og på Trondheim Cup saman med J13 som sesongavslutning og gjekk her sigrande ut av B-sluttspillet.

## **Minihandball**

Sesongen 18/19 hadde vi fortsatt ansvar for all minihandball for gutar i kommunen. Totalt over 30 gutar i alderen 6-9 år møtte på trening. Det var stor aktivitet med lag i alle årsklasser.

På gutesida var to kjekke ungdommar Marius Steintveit og Oliver Oppedal ansvarleg for dei yngste gutane på 6-7 år med god hjelp av foreldregrupper som stilte opp på turneringane og to-tre vaksne som hjalp til på treningar. På Stårheim var det Ann Katrin Ervik og Line Botn som hadde ansvar for jentene.

For gutar 8 og 9 år var Linn Therese Sundal som var trenar for ein ivrig gjeng med gutar. Denne sesongen vart det opna opp 5-arhandball på kortbane for 9-åringane, eit tilbod som var godt mottatt både av spelarar og trenarar.

## **Dommarar**

Haugen IL Handball hadde sesongen 18/19 totalt 10 dommarar. Det er ikkje enkelt å rekruttere dommarar og vi er heilt avhengig av erfarne dommarar som Ståle Sandal og Rolf Lefdal som bidreg med stor erfaring på mange nivå og som tek ansvar for å følge opp dei unge. Samstundes er det fleire unge dommarar som utmerkar seg.

Til slutt må vi også i år på vegne av styret takke alle som har stilt opp som trenarar og oppmenn i klubben og alle foreldre som stiller på klubbdugnadar og kamparrangement.

Naustdal 01.03.20  
Haugen IL Handball  
v/leiar Hilde Nord Haugland

## ÅRSMELDING FOR LANGRENNSGRUPPA 2019

Styret i langrennsgruppa har vore samansett slik:

Reidun Smørdal Hjelle	-	Leiar
Ove Mikal Haveland	-	Styremedlem
Trude Dalset	-	Styremedlem
Jan Stian Raudi	-	Styremedlem

### Møteaktivitet:

Langrennsgruppa har hatt 2 møter. Eit på vinteren og eit på hausten. Vi har ellers snakkast både på treningane og per. telefon/SMS, der vi har planlagt aktivitetar og dugnad.

### Aktivitetar:

Vi hadde ein flott skivinter i 2018/2019. Vi hadde mange fine kveldar med skileik på Harpefossen. På skileiken var det med ca. 15- 20 barn. På nokre av treningane var dei eldste ilag med skiskyttarane frå Stårheim. Barna viste stor skiglede og det er kjekt å sjå korleis ungane leikar seg til gode ski ferdigheter. Som avslutning på skisesongen arrangerte vi eit skirenn. Her deltok det 18 barn. Takk til Chatlet og Bjørhovde Hønseri som sponsa oss med fargerike huer og sjokolademedaljar. Takk til Coop Extra som sponsa oss med pølser med brød. Dette vart ein kjekk og sosial kveld. Vi arrangerte også i år flakedans på Harpefossen i lag med skiskyttargruppa på Stårheim. Her hjalp vi til med opprigging og nedrigging, og vi var vakter på kvelden. Ein vellykka kveld. Overskotet gjekk til huset.

Vi starta opp med trening inne i gymsalen på Haugen skule etter haustferien. Vi har delt gruppa i to:

- Ei frå 3 – 5 år: Her var det med 15 barn.
- Ei for 1. – 2. klasse: Her var det med 11 barn.

På ei av treningane var vi på skøyter på Remmedalsvatnet. Vi lånte skøyteutstyr på BUA slik at alle fekk prøve. Dette vart ein flott kveld. Det er viktig å hive seg rundt når forholda er der.

Som avslutning før jul var vi på Hamna og klatra. Her var vi 24 barn. Dette var ein suksess.

Vi var med og arrangerte basar/julegrantenning.

Bjørhovde 19. februar 2020. Leiar Reidun Smørdal Hjelle



## Årsmelding 2019

Klenkarberget Sommarcamp vart i 2019 arrangert for 13. gong.

### **Tal deltakarar:**

I 2019 hadde vi 294 vekeplassar + 7 på venteliste (351 i 2014, 295 i 2015, 285 i 2016 ,289 i 2017 og 254 i 2018).

SpringFall hadde 50 påmelde (33 i 2017 og 37 i 2018).

### **Aktivitetar**

*Klenkarberget Sommarcamp- avdeling Klenkarberget- arrangert i fire veker etter skuleslutt*

Vi brukar store deler av bygda og mykje av aktiviteten er fri leik i flotte områder som Klenkarberget, Haugen skule og barnehage, Åsen, Karoline – skogen, Rysta, Løkja, Rødstranda, Naustdalskamben, Pælid, m.m. Vi har også blant anna gjennomført aktivitetane setreturar, fjellturar, jungelleik, sykkelturar, fiske, padling, roing, symjing, blåturar, skogsturar, musikk og song, fotball, symjekurs, og tur til Refviksanden. I samarbeid med eksterne aktørar har vi også hatt desse aktivitetane: Gardbesøk (Løken aktivitetsgard), friidrett (friidrettsgruppa), sandhandball (handballgruppa), tur til hjortefarmen (Nave hjortefarm), skyting (Haugen skyttarlag) og fotball (lokale spelarar). Deler av dagen blir også brukt til rolegare aktivitetar som brettspel, legobygging, teikning og lesing.

*Klenkarberget Sommarcamp- avdeling Camp Adventures- arrangert i to veker etter skuleslutt*

I 2019 gjennomførte vi begge vekene sjølve, utan hjelp frå Norway Adventures. Vi hadde to temaveker: «Skog og fjell» og «Elv og vatn». Deltakarane fekk dermed to varierte veker med blant anna spikking, saging, padling, vandring, ballaging, matlaging, roing, fiske, sykling og gruppe- og samarbeidsleikar i naturen.

### *SpringFall*

I 2019 auka vi tal aktivitetar frå tre til fem for barn i barneskulealder. Overnatting 1 (Klenkarberget), På rett spor 1 (Vandring frå Hundvikvegen til Vetten, via Ossetra og ned til Skipenes. Sykkel tilbake til Klenkarberget), Overnatting 2 (Balsnes), Surfing på Stad (Hoddevika) og På rett spor 2 (Vandring frå Eid Eldretun, via Fossane og ned til Nakkesetra. Sykkel til Sevlanssetra og tilbake til Harpefossen Skisenter.)

Vi tilbydde også tre aktivitetar for ungdom i ungdomsskulealder, men på grunn av lav påmelding vart ikkje desse gjennomført.

### **Sommar I Lag**

Vi laga ein sommarsong, spelte den inn i studio og laga musikkvideo. Denne ligg ute på Spotify og på Youtube. Vi var også so heldige at vi fekk framføre den under NRK Sommarlutt i Eidsgata.

## **Mat på Klenkarberget Sommarcamp**

Vi hadde samarbeid med Restaurant og matfag på Måløy vgs. Alle rettar vart laga til og fryst ned på førehand og vi brukte våre eigne tilsette til å gjere klar maten kvar dag under Klenkarberget Sommarcamp.

Vi er veldig nøgde med kvaliteten på dei 1711 porsjonane som vart laga til og menyen var følgjande: Ostesnurr, pizzasnurr, lakseburger, fiskekaker, fiskegrateng, kjøttbollar m/ potetstappe, tomatsuppe og chili con carne.

## **Tilsette og frivillige**

Vi har i år hatt totalt 15 ulike aktivitetsleiarar som har hatt lønna sommarjobb gjennom Klenkarberget Sommarcamp. I tillegg har vi hatt 4 personar knytt til vaksenopplæringa i regi av Eid kommune og 2 støttekontaktar frå Eid kommune.

I forkant av campstart hadde vi eit arbeidsmøte, der vi gjekk gjennom fyrstehjelp, reglement, handlingsplanar, rutinar, HMT, arbeidskontraktar, samt la planar for gjennomføring av campen.

Klenkarberget Sommarcamp får også god hjelp av frivillige til køyring, levering av lunsjmåltid, tilrettelegging og gjennomføring av aktivitetar, oppsetting og nedrigging av utstyr og basar osb.

## **Aktivitet og skader**

Klenkarberget Sommarcamp har stor aktivitet og fokuset på tryggleik er derfor stort. I førekant går alle tilsette gjennom HMT- planen og får oppfrisking i førstehjelp og HLR. Det er også etablert rutinar for at aktivitetsleiarane dagleg skal rapportere til dagleg leiar om aktivitetar og eventuelle skadar.

Det er mange plaster som blir delt ut kvart år, men vi har endå ikkje hatt ulykker som har medført store skader. Klenkarberget Sommarcamp 2019 og SpringFall 2019 hadde ingen ulykker som kravde legebesøk.

## **Samarbeidsavtaler**

Utover samarbeidet med Eid kommune har Klenkarberget Sommarcamp også samarbeidsavtaler med mange lokale verksemder. Vi er svært takksame for all støtte og hjelp vi får i tilknytning til Klenkarberget Sommarcamp.

Coop Extra var i 2019 vår hovudsponsor. Vi fekk tilskot til friluftaktivitet med Sogn og Fjordane Fylkeskommune og støtte til opparbeiding av aktivitetspark med Hjertebank (Sparebanken Vest).

Vidare har lokalt næringsliv vore støttespelarar for drift av arrangementet. Vi takkar så mykje til Nordfjord Hotell, Accountor, Amfi Nordfjord, Chatlet Sport, Bakehuset Tunold og Nordrikk. I tillegg takkar vi så mykje for samarbeidet med Harpefossen Skisenter, idrettsgruppene i Haugen Idrettslag, Haugen Skyttarlag, Rødstranda Naustlag og andre lokale bidragsytarar.

## **Deltakarpris**

Foreldre-betalinga fortsette på kr 1.100 pr. veke på Sommarcamp og vi valde å setje ned prisen frå kr 1.500 pr. veke til kr. 1.100 på Camp Adventures. Vi har også rabatt som aukar

# HAUGEN IDRETTSLAG

Skipa 1895 – 6770 NORDFJORDEID

Postboks 137  
6771 Nordfjordeid

<http://haugenil.no>  
[post@haugenil.no](mailto:post@haugenil.no)

med kor mange veker ein er påmeld. På SpringFall- overnatting, var deltakarprisen kr. 200, SpringFall- På rett spor kr 400 og på SpringFall – Surfing på Stad, var deltakarprisen kr. 600. Vi hadde her pakkepris på kr. 1200 for dei som melde seg på alle fem aktivitetane.

## **Ny base**

I 2018 starta vi investeringa for å lage til ein ny base på Balsnes. I 2019 gjorde vi ferdig ei hytte, sette opp ein zip-line og laga til veg opp til området.

## **Løp for meg**

8. september arrangerte vi «Løp for meg», som er eit løp utan tidtaking, der alle inntekter går til Barnekreftforeininga. I tillegg til løpet var kiosksal, loddsal og konsert ein del av arrangementet. Det var rundt 100 deltakarar og vi samla inn om lag kr. 35 000.

## **Rekneskap 2019**

Det reelle rekneskapet for 2019 viser eit positivt resultat med kr. 101 052, 68. Kr. 100 000 av desse er øyremerka arbeidet med aktivitsparken på Balsnes og er balanseført. Kr. 45 247,21 i momskompensasjon vart også betalt inn i januar 2020 og ført tilbake til 2019. Denne summen er ikkje tatt med i dette reknestykket.

## **Styresamansetning og styremøter**

Styresamansetninga har vore den same i 2019 som i 2018. Vi har heldt 5 styremøter og elles hatt mykje kontakt via eiga facebook – gruppe og på e-post.

Gå gjerne inn på heimesida vår [www.sommarcamp.no](http://www.sommarcamp.no) eller facebookside vår for å sjå alle dei flotte bileta frå Klenkarberget Sommarcamp 2019.

Haugen, 01. mars 2020

Styret i Klenkarberget Sommarcamp

Leiar Henning Haugen

Erika Klokk, Geir Holmen, Ingrid Oselie Naustdal, Ole Aleksander Hopland, Siri Kjøsnes